

## Leikanger barnehage

Årsplan 2024 - 2025



Leikanger barnehage, ein god plass å vere, ein god plass å lære!

## Innhaldsliste

LEIKANGER BARNEHAGE.....	s. 1
ÅRSPLAN 2024 / 2025.....	s. 1
Vår visjon : "Leikanger barnehage, ein god plass å vere, ein god plass å lære "...	s. 1
Innhaldsliste.....	s. 2
Kjære foreldre og tilsette.....	s. 3
Innleiing.....	s. 4
Årsplan.....	s. 4
Månadsplass/informasjon.....	s. 4
Dagen idag.....	s. 4
Kontaktinformasjon.....	s.4
Informasjon.....	s. 5
Tilknytningstida.....	s. 5
Overgongar i barnehagen.....	s. 5
Tilsette i Leikanger barnehage 2024-2025.....	s.5
Satsingsområde for 2024-2025.....	s. 6
Livsmeistring og helse	
Mål : Alle skal kjenne seg sett, høyrd og respektert for den dei er.	
Leik og læring skal ha ein sentral plass I barnehagekvardagen.....	s. 6
ASK- Alternativ supplerande kommunikasjon.....	s. 7
Livet & sånn.....	s. 8
Pedagogisk plattform og inkluderande barnehage.....	s. 9
Kjernekompontane i "Være sammen".....	s. 9
Lovelova.....	s. 9
Den autoritative vaksenrolla.....	s.10
Sosial kompetandse .....	s. 10
Inkluderande barnehage.....	s. 11
Dagsrytme .....	s. 12
Mat og måltid .....	s. 12
Måltidsplan.....	s. 12
Berekraftig utvikling i barnehagen.....	s.13
Matjungelen.....	s..13
Innhaldsplan for barnehageåret 2024-2025.....	s. 14
Samarbeidspartar.....	s. 15
Tverrfagleg team.....	s. 15
Foreldrerådstyre og Samarbeidsutvalet I Leikanger barnehage.....	s. 15
Overgongar.....	s. 15

## KJÆRE FORELDRE OG TILSETTE I LEIKANGER BARNEHAGE !

Velkomne til eit nytt og innhaldsrikt år i barnehagen vår. Leikanger barnehage er ikkje stor, men den er viktig for bygda og brukerane, og vi er stolte over å ha ein barnehage med eit godt pedagogisk innhald. Vi som jobbar her er opptekne av å møte barnet der det er, støtte og bygge trygge og robuste barn som skal verte rusta til å møte både medgong og motgong. Å høyre til og verte inkludert er viktig for sjølvkjensla til alle, likeins det å vere trygge i seg sjølv og kven dei er. Då er det vi, dei vaksne i laget rundt barnet sitt Ansvar å sikre at alle opplever trivsel og livsmeistring, noko som er føebyggande for krenking og mobbing.

“Rammeplan for barnehage” legg tydelege føringar for kva verdigrunnlag barnehagen skal bygge på. Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenvedien i barndomen, skape miljø som er prega av trivsel, vennskap, leik og inkluderande fellesskap. Barna skal få ta del og medverke i barnehageinnhaldet, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheter. Barnehagen er ein del av utdanningsløpet og ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet, og legg grunnlaget for eit godt liv.

Vi som er vaksne rundt barna har ansvar for å sjå den enkelte og bygge gode relasjoner, vise respekt for kvarandre og vere gode rollemodellar i å inkludere i leik, samspel og aktivitetar.

*« Du ser meg og smiler, det kjennes så bra.  
Eg smiler tilbake, fordi eg er glad.  
Det beste i verda det er rett og slett  
Å sjå på ein annan og sjølv vere sett »*

*(Frå Vere saman )*

**Vårt mål er å ha eit godt samarbeid med heim og at de som foreldre skal føle dykk velkomne, ivaretekne og respektert.**

Vi ynskjer alle eit godt barnehageår.

Mvh Oddhild, Helene, Inger, Unni, Chidchanok, Mathilde



## INNLEIING

Alle barnehagar skal ha ein årsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen. Jmfr. §2 i barnehagelova. Årsplanen skal byggje på Lov om barnehagar med føreskrifter ,Rammeplan for barnehagen og Lokal rammeplan for Herøy kommune. Samarbeidsutvalet i barnehagen fastset årsplanen, og foreldra vert tekne med på råd gjennom evaluering, foreldrerådstyre, foreldremøte og foreldresamtalar.

Ein årsplan har fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap og grunnlagsdokument for personalet.
- skal medverke til å styre innhaldet i barnehagen
- eit utgangspunkt for samarbeid med foreldra
- eit informasjonsdokument ut til eigar, politikarar, samarbeidspartnarar og andre interesserte.

**Årsplan :** Konkretisering av barnehagen sitt innhald. Den generelle delen av årsplan er ein eigen 4 års plan som er utarbeidd i samarbeid med dei tre andre kommunale barnehagane i Herøy. Den må sjåast i samanheng med denne planen. Begge planane ligg på [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no) under Leikanger barnehage.

**Månadsplan og informasjon :** Informasjon om kva vi har fokus på denne månaden, turar, bursdagar, ulike aktivitetar m.m. Det er også oppsummering av månaden som var. Denne vert sendt på Vigilo til alle føresette og det heng oppe nokre eksemplar i garderoba for den som ynskjer den i papirformat.

**Dagen i dag :** Litt om kva dagen har innehaldt for dei ulike gruppene. Dette vert sendt ut på nyheter i Vigilo og der kan de lese litt om kva vi har gjort på gjennom dagen, vi legg ved bilete og evnt lenker om det er noko vi ynskjer de skal sjå. Vigilo er eit godt verktøy vi ynskjer de skal bruke til å halde dykk informert, men og nytte ved ulike beskjedar til barnehagen ang. dykkar barn.

Bildeskjerm med dokumentasjon frå ulike aktivitetar, frie og tilrettelagd. Denne skjermen heng i garderoba og de vil kunne sjå litt frå dagane våre i barnehagen.

Heimesida til barnehagen <https://www.heroy.kommune.no/leikanger-barnehage>

**Rammeplan for barnehagane i Norge :** I 2017 kom det ny rammeplan og denne fastset utfyllande bestemmelser om barnehagen sitt innhald og oppgåver og er barnehagen og personalet sitt arbeidsdokument som skal vise at i planar og dokumentering.

**Lokal rammeplan for Herøy 2024-2028** Planen set fokus på mål og innhald for alle barnehagar i Herøy. Den er eit utgangspunkt for oss i utarbeiding av planar og sikrar variasjon og prosesjon i innhaldet i barnehagen. Det vi skal ha særleg fokus på framover er kompetanseheving i språk med veklegging på språk i kvardagen og «alternativ supplerande kommunikasjon» (ASK). Lokal rammeplan viser til at Herøybarnehagane skal stå for kvalitet og den er styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving. Satsingsområde for dei neste 4 åra er:

1. Leik og læring
2. Relasjonskompetanse
3. Livsmeistring og helse
4. Språk og kommunikasjon

### Kontaktinformasjon:

Styrar/Dagleg leiar : Oddhild Dybvik Aas

Mobil: 99515225

Besøks og postadresse : Kleppeåsen 44, 6080 Gurskøy

E-post : [leikanger.barnehage@heroy.kommune.no](mailto:leikanger.barnehage@heroy.kommune.no) eller

[oddhild.dybvik.aas@heroy.kommune.no](mailto:oddhild.dybvik.aas@heroy.kommune.no)

Telefon: 99515225 eller 46916598

Leikanger barnehage er ein kommunal barnehage og ligg på Leikong i same byggmasse som Leikanger skule og grennahus. Barnehagen starta opp som kortidsbarnehage rundt 1980 og har etter kvart vokse seg større. I dag er det ein einavdelings barnehage med utvida barnegruppe og 32 plassar.

For barnehageåret 2024-25 er vi ved oppstart 18 barn og så vil det kome nokre nye barn til oss på starten av 2025. For dette barnehageåret vil vi stortsett ha ei samla barnegruppe gjennom store delar av dagen, men delar dei ved ulike aktivitetar slik at det vert betre tilrettelagd utifrå alder og utvikling. Ved starten av 2025 vil det verte noko endringar mtp meir aldersdelte grupper for at det vert best mogelig tilrettelagd for den enkelte. Informasjon til heimar vil kome då.

Vi har eit personale der nokre har mange års erfaring, men og dei som er unge, held på med utdanning eller anna kompetanseutvikling. Alle er like viktige i det å gjere barnehagekvarldagen god med innspel, idear og rom for endringar. Saman har vi eit ansvar med å gi barna gode og innhaldsrike dagar. Vi har og elevar frå grunnskule og vidaregåande skule som kan få praksis her, og Furene og NAV tek også kontakt om dei har nokon som treng å prøve seg i arbeidslivet og vårt yrke.



**Tilknytingstida :** Barn er ulike og det skal tilpassast slik at oppstarten og tilvenninga for barnet varer så lenge det er behov for. Barn, føresette og tilsette skal verte kjende og trygge på kvarandre. Barnet skal gle seg til å kome i barnehagen, og dei føresette skal vite at vi ser og hører ditt barn slik at det får ein god barnehagedag.

**Overgangar i barnehagen :** Barnehagen har 2 avdelingar når ein ser at barnegruppa fungerar best slik mtp aldersspennet på barna. Det er Bukkane Bruse for dei yngste og Rødhette for dei som er eldre.

Når vi har ei barnegruppe som legg føring for at vi er 2 avdelingar legg vi til rette for naturleg overgang ved å vere meir saman i f.eks leikegruppe der vi «besøker» kvarandre. Vi kan gå litt mellom avdelingane slik at ein vert kjent med rom og leikemiljø, vere gjest ved f.eks måltid, samling og anna slik at det vert ein mjuk og trygg overgang. Barnet byter som oftast avdeling ved nytt barnehageår, men nokre gongar kan det vere overgang på vårparten.

#### Tilsette ved Leikanger barnehage :

- Oddhild Dybvik Aas, styrar og pedagogisk leiar
- Inger Nerlid Vatne, pedagogisk leiar
- Helene Leikanger Steffensen, pedagogisk leiar, dispensasjon. Under utdanning til barnehagelærar
- Unni Abrahamsen, fagarbeidar/ pedagogisk leiar, dispensasjon
- Chidchanok Meesin, assistent
- Mathilde Jøsokbakke (frå mars 2025)

#### Gode vikarar er :

- Mathilde Jøsokbakke
- Laila Vattøy

## SATSINGSOMRÅDE FOR LEIKANGER BARNEHAGE 2024-2025

### 1. Livsmeistring og helse

Mål : Alle skal kjenne seg sett, høyrd og respektert for den dei er. Leik og læring skal ha ein sentral plass i barnehagekvardagen.

Mål	Teikn på god praksis	Tiltak
Alle skal kjenne at dei er verdifulle og ein viktig del av fellesskapet i barnehagen.	Personalet er nær og observante gjennom heile barnehagedagen. Hjelpe alle til å vere inkludert.	Vaksne som er nære og gode rollemodellar, der ein deltek aktivt i leik når barna inviterer til det.
Trygt og godt læringsmiljø der barna kjenner seg inkludert i gruppa og har vene.	Støtte barna i det å forstå andre sitt perspektiv og reflektere over eigne handlingar.	Inkludere og dele vår kunnskap med nytilsette og vikarar.
Øve seg på sjølvregulering, ta gode avgjersler, oppleve meistring.		Nytte ulike metoder i Plan for godt barnehagemiljø. Tidlig involvering av styrar når noko ikkje er greitt. Nytte BTS rettleiar ved behov
Oppleve respekt for eigen kropp og grenser, og styrke barnet sitt sjølvbilete.	Personalet er nær og tilstades i leik og samspel, og kan vere til støtte og hjelp når det er nødvendig.	Bruk av kartleggingsmateriale TRAS, Alle Med.
Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og fremje vennskap, fellesskap og språk.	Barna deltek aktivt i ulike kvardagssituasjonar, frie og tilrettelagde. Personalet er observante, deltek og støttar.	Kollegarettleiing. Øve oss og dele kunnskap. Case, ulik teori, praksiforteljingar, refleksjon på personalmøte.
Barnehagen har eit sunt og variert kosttilbod. Lyttar til barna og førsette sine innspel og samarbeidar om felles forståing for god mat og helse	Gymsal, fysiske aktivitetar, nytte ulike turområder	Lesetid for assistentar.
Lære om naturen og nærområde rundt oss og kva det kan gi av allsidig kroppsleg utfoldelse	Inga utestenging barna imellom.	Matplan. Variasjon i sunne og næringsrike måltid. Barna deltek i førebuing av ulike måltid.
Barn som strevar med språk og samspel vert fanga opp tidleg.	Godt arbeidsmiljø som gjenspeglar seg i barnehagekvardagen	Matjungelen. Barnehagen er no ein Matjungelbarnehage og pliktar fylje opp det som ligg i dette.
Lesestund,støtte til visualisering ved hjelp av biletar og ord, inkludere alle barna	Aktiv bruk av språk i alle frie og tilrettelagde aktivitetar og i daglegdagse rutinesituasjonar	Synleggjering av barnehageinnhaldet ved bruk av ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon)- snakketavler, tematavler, bildesymbol, tidslinje, personalet ber på seg pcs folder/snakkesmykke

## Lov om barnehager § 41 Nulltoleranse og forebyggande arbeid

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel uteslenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehage, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna»

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring, og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing.» (Rammeplanen s. 11).

Om eit barn eller heimen opplever at barnet vert krenka eller mobba, skal barnehagen handtere dette, stoppe det og fylje det opp. Jmfr. Aktivitetsplikt 42 i Lov om barnehage.

## Begynnelsen

Gi barnet rett  
til å leke og lære  
til å drømme og forme  
leve og være  
bare der, hvor barn  
kan føle seg trygge  
gror det som de gamle  
kalte for lykke

Carl Scharnberg (1990)



## §39 Barn med behov for alternative og supplerende kommunikasjon (ASK)

“Barn som helt eller delvis mangler funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerende kommunikasjon, skal få bruke egnede kommunikasjonsformer og nødvendig kommunikasjonsmidler i barnehagen. Spesialpedagogisk hjelp etter §31 inkluderer nødvendig opplæring i bruk av alternativ og supplerende kommunikasjon”

### ASK ( Alternativ og supplerende kommunikasjon ) – Teikn til tale.


ASK er ein samlebetegnelse for alle kommunikasjonsmåtar som brukast i tillegg til eller i staden for vanlig tale hos personar som ikkje kan uttrykke seg tilfredsstilande gjennom tale aleine. ASK er støtte til talespråket og kan vere både i form av bilet og teikn til tale.

ASK er no implementert i alle barnehagane og eit verktøy ein nyttar dagleg.

Vi har bla. ulike dagtavler som konkretisrar kva som skal skje, bilet av alle som er tilstades, både barn og vaksne. Alle ansatte har på seg snakkesmykke med PCS symbol slik at barna kan nytte dette som kommunikasjonsstøtte. Vi har jobba med dette over tid, frå enkle teikn til no setningar vi øvar på. Desse er knytt til tema vi har kvar månad. Desse vert og lagt ved på orientering til føresette slik at dei kan bruke dei heime. Vi ynskjer at det skal vere naturleg å bruke dette både for barn og vaksne.

Handteikn kan hjelpe den som har begrensna / utsydelig tale til å uttrykke seg, og symbol kan hjelpe dei som ikkje kan/vil bruke handteikn. Handteikn er lettare å lære seg enn verbale ord og slik kan vi hjelpe barna til å lettare kunne uttrykke seg.

I Rammeplan for barnehagen står det at «barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk», og «anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk», «vere bevigst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling».



### § 31 Rett til spesialpedagogisk hjelp

«Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage. Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter»

### Livet & sånn

Dette er ein del av Helsedirektoratet sitt program for folkehelseprogram i kommunane og Møre og Romsdal fylkeskommune vart med i dette programmet i 2019. Livet & sånn har fokus på innanforskning, barn og unge si psykiske helse og rusførebygging. I Herøy skal alle barnehagane bruke det pedagogiske materialet framover og det vert ein del av den kommunale rammeplanen for 2024-28. Fyl de denne lenka kan de lese og sjå meir <https://www.livetogsann.no/>

I vår barnehage vil vi i byrjinga ha fokus på ulike følesar, korleis jobbe med dei, kva gjer dei med oss, korleis kan vi hjelpe dei og sjølve få hjelp. Vi skal nytte ulike temaplakatar, knyte det inn mot frie og tilrettelagde aktivitetar. Synleggjere ved bruk av biletar og tekst. Personalet skal lese teori, sjå ulike filmar, drøfting og refleksjon på personalmøte. De som føresette vil få informasjon om kva tema vi skal ha fokus på, litt om arbeidsmetode, evaluering m.m på månadsplan. På foreldremøte haust og vår vil vi nytte filmar der vi kan ha diskusjon og refleksjon kring ulike tema vi ser. Heimane kan og gå inn sjølve å sjå om de treng få råd og støtte. På informasjon til månadsplan vil vi også legge ved lenker de kan sjå saman med dykkar barn. Det same gjeld f.eks Nyheiter på Vigilo.



Dette er dei figurane og barna som vi skal verte kjende med og som skal hjelpe oss. Vi skal jobbe med ulike modular, der det er video, diskusjon og refleksjonsspørsmål. I barnehagemiljøet vil det vise att kva vi har som tema.

## Lov om barnehager §1 formål:

«.....barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap...»

## Pedagogisk Plattform – Autoritativ vaksen

Dei siste åra har vi jobba med det pedagogiske materialet «Vere saman» og det er no godt implementert i personalet. « Vere saman» bygger på teorien til Diana Baumrind om ulike vaksenstilar. Denne seier noko om kva miljø som er best for eit barn å vekse opp i, og gir den vaksne støtte til å rettleie barnet med varme og kontroll i form av den «autoritative vaksenstilen». Den vaksne viser varme og omsorg overfor barnet ,samtidig som ein er tydelig. Med varme og grensesetting utviklar den vaksne gode relasjonar til barnet, lyttar til det og viser respekt, barnet opplever den vaksne som ein trygg vaksen det kan støtte seg til. Ein vektlegg det ein kallar «banking time», og den autoritative vaksne kan gripe inn og rettleie når uønska handlingar oppstår. Barnet klarer då lettare å regulere seg for det er trygg på den vaksne.

Regnbogeløva er symbolet på «Vere saman» og den hjelper oss til å vise kvar det er best å vere:

**På relasjonsaksen handlar det om:** perspektivtaking , leik, sensitivitet, “banking time”, småprat, emosjonell støtte og skape positivt klima.

**På kontrollaksen handlar det om:** medverknad, trygghet, beskyttelse og respekt, krav til åtferd og å ha forventning til barna, læring av barnehagen sine normer.

«Vere saman» er eit kompetanseløft i Herøy barnehagane, og er forankra i barnehagelova og Regjeringa sitt mobbemanifest 2011-2014 der det blant anna står nedfelt at «Alle barn og unge skal ha eit godt og inkluderande oppvekst og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing».

Personalet har kollegarettleiing og ulike øvingar samt ulik teori og bruk av rammeplan for å reflektere over eigen praksis og barnehagemiljøet.

## Kjernekomponentane i “Være sammen”

Autoritative vaksne	Den stilten vi strekker oss etter gjennom heile barnehagedagen. Å vere den varme og grensesettande vaksne saman med barna. Ha nærheit og varme samtidig som ein er tydelig og stiller krav og set grenser. Det vert trygt og forutsigbart for barnet.
Kommunikasjon og relasjonsarbeid	Korleis kommunisere med kvarandre, forstår og tolkar ulike signal. Vere bevigd dette for betre å forstå kva som ligg bak ulike handlingar og adferd.
Tidleg innsats	Vi som personale skal vere i forkant, starte tidleg med å førebygge mobbing, arbeide med tilknytingsteori, tverrfagleg samarbeid
Handtering av utfordrande åtferd	Kva treng det enkelte barnet, tilrettelegging. Godt læringsmiljø for alle.
Implementere, skape endring og få dette til i praksis.	Korleis få teori i Være saman til å verte ein del av vår barnehage. Få den gode teorien ut i praksis. Støtte og rettleie kvarandre.

## Løvelova

Kan du løvelova ?

Eg skal vere meg,  
men gi plass til andre,  
slik at dei blir seg,  
bry meg om ein annan,  
hjelpe når eg kan.  
slik blir livet betre  
for barn i alle land.

Ser du ein blir plaga?

Det er ikkje bra!  
Alle må stå saman  
om å sei i fra!  
Alle barn på jorda  
har den same rett,  
til å vere trygge  
og til å vere set



## VOKSENSTILER



## SOSIAL KOMPETANSE

Samarbeid	Leik, glede og humor	Empati og rolletaking	Sjølvheving	Sjølvkontroll
<ul style="list-style-type: none"> <li>* Vente på tur</li> <li>* Dele</li> <li>* Vise omsorg for andre og inkludere dei</li> <li>* Hjelpe andre</li> <li>* Fylje reglar og beskjedar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>* Skilje leik frå anna aktivitet.</li> <li>* Vise respekt for det andre ynskjer bidra med.</li> <li>* Ha god fantasi og la seg rive med i leik.</li> <li>* Vise tillit til andre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>* Viser omtanke</li> <li>* Klare lytte til det andre seier.</li> <li>* Roser andre</li> <li>* Evne til innleving og sjå ting frå andre sin synsvinkel</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>* Be om hjelp</li> <li>* Ta kontakt og initiativ på ein god måte</li> <li>* Ha eigne meininger, ynskjer og behov.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>* Klare utsette eigne behov og ynskjer.</li> <li>* Klare innrømme feil, tåle å tape</li> <li>* Styre aggressjon og sinne</li> <li>* Finne gode måtar å reagere på</li> </ul>

## Kva betyr det for oss å vere ein inkluderande barnehage

**Ansatte som utviklar den varme og grensesettande vaksenstilen som ein naturleg del av sin profesjonelle identitet.**

**“Banking time”- og relasjonsbygging.** Dei gyldne stundene gjennom dagen der barnet og den vaksne får det varme og gode samspelet mellom seg.

**Perspektivtaking.** Barnet kjenner at den vaksne virkelig bryr seg om det, ynskjer forstå og bekreftar barnet sin eigenverdi.

**Grensesetting og positive tilbakemelding.** Barn må lære grensesetting og det er ein viktig del av barnet si sosiale modning. Barnet lærer å ta hensyn til andre, det kan ikkje alltid vere fyrst. Positiv tilbakemelding når barnet klarer forhalde seg til grensene eller fyljer dei krav som vert stilt.  
**Grensesetting og positive forsterking høyrer saman.**

**Medbestemming.** Barna vert lytta til og tekne på alvor. Dei er med i planlegging og delar av kva barnehagedagen skal innhalde. Hjelpe dei til å ta gode val. (jmf. RP)

Vi er opne for ulikheiter og mangfold. Lyfte kvarandre i felleskap, alle er gode til noko.

I Leikanger barnehage skal alle barn oppleve at dei er på ein trygg plass der det er rom for å prøve ut ulike sider ved samspele, fellesskap og vennskap. Dei vaksne skal ver merksame på det enkelte barnet, kva det treng og hjelpe det til å meistre motgang, utfordringar og verte kjend med sine eigne, men og andre sine følelser.

Barnehagen har ei stor og viktig rolle i det å jamne ut forskjellane i eit barn sitt liv og ha eit godt samarbeid med heim slik at ein i felleskap gjer barnet klar til det som ventar når barnet skal vidare i livet.

*Rammeplanen for barnehagen*, innhald og oppgåver finn vi støtte i arbeidet vårt med å gi kvart barn eit godt innhald :

Vi skal gi kvart barn høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre, og barna skal oppleve at dei vert sett, forstått og respektert og får den hjelp og støtte kvart barn treng.

Vi skal synleggjere og verdsette ulike behov og anerkjenne og fylje opp barn sine meningar og handlingar, mangfold og ulikskap.

Vi skal hjelpe barna i det å ta andre sitt perspektiv, reflektere over eigne og andre sine kjensler og at alle barn har ulik oppfatning og mening om ting, og saman kan vi finne løysingar i ulike konfliktar dei kan kome opp i.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet, 2017.

Mauren

Liten ?

Jeg ?

Langt ifra

Jeg er akkurat stor nok.

Fyller meg selv helt,

På langs og på tvers

Fra øverst til nederst

Er du større enn deg selv kanskje ?

av Inger Hagerup (1905-1985)

## Dagsrytme :

6.45. Barnehagen opnar.

**NB !** Både born og vaksne skal vaske seg på hendene/bruke antibac når de kjem i barnehagen.

7.00-8.30. Frukost for dei som ynskjer det. Barnehagen lagar til brødkive/knekkebrød med drikke til.

9.30 : Vi deler oss i grupper for leik, aktivitetar, tur (sjå aktivitetsplan. Dersom de ynskjer at borna skal vere med på dei ulike aktivitetane, er det viktig at dei kjem seinast kl. 09.30.

11.00: Lunsj. Handvask før måltid. Er vi på tur, et vi vanlegvis ute. Stell og kviletid for dei små som treng det, startar ca.kl.11.30

11.30 – 11.45 : Toalett/handvask, påkledning, uteleik.

Ca.14.00: Frukt - mellommåltid. Handvask før måltid. Det varierar om vi et ute eller inne. Er veret fint, er vi ute mesteparten av dagen. Om ikkje, går vi inn for å ete og er då inne resten av dagen.

17.00: Barnehagen stenger.

Vi må tilpasse dagsrytma etter borna og då særleg etter dei yngste. Vert dei trøytte eller svoltne "før tida", får dei sjølvsagt både mat og sovn slik det passar dei.

## Måltid :

**Frukost** Barna kan få servert frukost fram til kl 08.30.

**Lunsj** Vi lagar til lunsj. Borna får eit sunt og godt måltid med grove skiver, knekkebrød. Ulike pålegg etter matplan, sjå Vigilo og heimesida til barnehagen for meir informasjon.

**Ettermiddagsmat** har vi rundt kl.14.00. Det varierer mellom skiver, knekkebrød/kavringsyoghurt m/havregryn/fruktbitar, frukt og grønsaker, havrelappar.

**Drikke** Lettmjølk m/D-vitamin 0,5% fett, evnt drikke tilpassa barnets behov, og vatn. Alle borna har si eiga flaske som dei drikk av ved behov gjennom dagen. Desse vert vaska kvar dag.


**Bursdagsmat** får borna velje sjølv ut frå bursdagsmenyen til barnehagen.

**Baking/varme rettar** har vi ein gong i veka. Det vil kome fram på månadsplanen kva som vert servert. Varme rettar er 2-3 gongar i månaden, og så bakar vi grove rundstykker elles. Vi serverar fast havregrynsgraut ein dag i veka til lunsj.

Vi handlar på Rema 1000 Ulsteinvik, som leverar varer til oss.

## Måltidsplan :

I barnehagen har vi utarbeid 2 matplanar med varigheit 2 veker kvar før ein byter. På denne planen er det fast pålegg med kvitost, brunost, leverpostei, skinke/baconost, kaviar, agurk og paprika. I tillegg er det då variasjon med f.eks makrell i tomat, fiskepudding, crabstick, egg i ulike variasjon, ulik frukt m.m. Ved å variere kva ein kan tilby barna er dette med på å skape matglede og utvide smaksopplevelingar. Matplanen skal ligge på barnehagen si heimeside.



## Berekraftig utvikling i barnehagen

*"Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag ,får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkte og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar idag har konsekvens for framtida". Rammeplan for barnehagen.*

Det står og at barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen og at berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda. Barnehagen si viktige oppgåve er å fremje verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn.

Kjelde : Utdanningsdirektoratet, 2017.

I barnehagen vektlegg vi eit sunt og variert kosthald. Vi brukar "Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i barnehagen" og er opptekne av kva vi serverar til dei ulike måltida. Vi har i mange år dyrka ulike grønsaker som vi nyttar i måltid, hovedsakleg varmmat, og vi har fått oss bærbusker med foreldre som vi håper skal gi oss litt avling etterkvart. Vi vektlegg å ikkje kaste mat, men samlar noko av dette til høner som nokre i personalet har. Vi kjeldesorterer restavfall, matavfall, papir og plast. Vi nyttar nærområdet vårt til ulike turar og då plukkar vi søppel, og snakkar mykje om korleis ta vare på naturen vår. Kvar haust har vi tema om barn i andre land, likheit og ulikheit, fordeling av goder, korleis kan vi vere med å hjelpe, og vi avsluttar med kafedag der vi sender pengar til organisasjonen vi støttar, som igjen skal fomidel dette vidare.



## Matjungelen

Frå i år av er Leikanger barnehage ein Matjungelbarnehage. Det vil seie at vi pliktar oss til å vektlegge sunt og variert kosthald der barna skal takast med på planlegging og gjennomføring i tilbereding av ulike måltid

I Matjungelen kan barna utforske, leike og lære om mat som er bra for kroppen og jorda vår. Det er og er eit aktivitetsprogram for barnehagen der vi kan utforske ulik mat og oppleve matglede i fellesskap. Matjungelen inneheld aktivitetsopplegg som involverar barna, kompetanseheving for personalet og eit variert utval av oppskrifter som gir inspirasjon og verktøy til å arbeide med mat og måltid. Å jobbe med Matjungelene er ein viktig del av barns medverkand og har forankring til rammeplan.



# MATJUNGELEN

## Innhaldsplan for barnehageåret 2024-2025

I barnehagen har vi felles månadsplan for heile barnegruppa, men innhaldet vert tilpassa barna utifrå alder og utvikling.

Arbeidsmetoder, progresjon og evaluering vert det reflektert over på møte med pedagogane og på personalmøte.

### Frå august til desember :

Fokus på tilvenning. Alle barn må finne sin plass i gruppa, knyte vennskap, skape tilhøyrigheit og gode relasjonar mellom barn og vaksne.

Årstider og kva som skjer rundt oss.

Forut og Barn i andre land. Kafedag som avslutting på tema.

Førjulstid med advent og ulike førjulsaktivitetar.

### Viktige datoar og aktivitetar dette halvåret

#### **Planleggingsdagar : 5.august, 18.oktober, 23.desember**

Kafedag i samband med Forut : v. 44

Farsdag : 10.november

Lucia : 13.desember

Nissefest : 12.desember

Juleferie : 24.desember – 1.januar 2023

### Frå januar til juli :

Fokus på tilvenning for nye barn som startar. Skape tilhøyrigheit og gode relasjonar mellom barn og vaksne.

Dei ulike årstidene og kva som skjer ute og rundt oss.

Ulike høgtider og markering av desse.

Rosaruss.

Tema : Tarkus og Trygg trafikk.

### Viktige datoar og aktivitetar dette halvåret

#### **Planleggingsdagar : 14.mars og 30.mai**

Morsdag : 9.februar

Samanes nasjonaldag : 6.februar

Karneval : 25.februar

Fastelavenssøndag : 2.mars

Fest i gymsalen for foreldre og sysken - mars

Barnehagedagen - mars


Påskeferie : 16.april – 21.april

1.mai : Arbeiderane sin frigjeringsdag, barnehagen er stengt

Noregs nasjonaldag : 17.mai

Pinseferie : 9.juni

Neste barnehage år : 4.august



## Leikanger barnehage samarbeidar med desse :

PPT som har trefftider i barnehagen og kan hjelpe oss når det er noko vi treng rådgjeving til. Det kan f.eks vere barn som treng ekstra hjelp for å gjere seg nytte av barnehagertilbodet eller personal som treng drøfte noko.

**Tverrfagleg team** består av ein helsesjukepleiar, ein PPT rådgjevar, ein barnevernspedagog, pedagogiske leiarar og styrar ved barnehagen. Styrar kallar inn teamet 4 gongar per barnehageår. Her drøftar vi satsingsområde for barnehagen eller ulike utfordringar vi kan stå i. Leikanger barnehage samarbeidar med Myrsnipa barnehage. Ved ulike behov kan ein saman med føresette og enkelte representantar frå teamet og barnehage ha møte i den aktuelle barnehagen til barnet. Møtet er då med personal derifrå.

## Foreldrerådstyret 2024-25

Gunn Katrin Fugelsnes  
Nääs -valt som leiar  
  
Veronica Haanes –  
valt som nestleiar  
  
Arve Nedreberg  
Lill Marte Sætre  
Kleppe  
Tordis Eiksund - vara

## Samarbeidsutvalet 2024-25

Veronica Haanes– valt som leiar  
Gunn Katrin Fugelsnes Nääs – valt som  
nestleiar  
  
Tone Kristin Tjervåg – Herøy kommune  
Helene Leikanger Steffensen – Tilsett  
Oddhild Dybvik Aas – styrar og sekretær

## Overgang barnehage - skule

Leikanger barnehage fyl den kommunale planen for overgang mellom barnehage og skule. Dette gjeld for dei som vel den kommunale skulen. For dei som vel privat skule, så er det den private skulen sine retningslinjer dei fyl. Det er den private skulen sitt ansvar å kalle inn til overgangsmøte/samarbeidsmøte med barnehagen. Alle barn vert sikra ein god overgang uansett kva skule dei vel. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nyskjerrigkeit og tru på eigne evner. Alle barn skal sikrast ein god overgang uansett kva skule dei vel, og dei barna som treng noko ekstra i overgongen skal få dette. Plan og mål for førskuletida er det pedagogisk leiar som gir vidare informasjon til heimane om, og det vert og teke opp på ulike samtalar gjennom det siste året i barnehagen.

Det er to varige gaver vi kan gi barna våre. Den ene er røtter og den andre er vinger.  
-ukjent



Vi ynskjer alle brukerane av barnehagen eit godt barnehageår !